



Kenneth Alvaer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5864 - 14/23275

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

15.10.2014

## Svar på spørsmål om tolkning av krav i plan - Gbnr 137/4 Alver

Kenneth Alvær,

Vi takker for dykkar førespurnad. De skriv at de har vanskar med å forstå punkt 3.2.2 i reguleringsplanen som gjeld for dykkar eigedom. Slik vi forstår skrivet ditt meiner de at det er gjort «feil» ved utarbeiding av føresegnene, då det ved høgvatn vil renne vatn inn i nausta. De skriv vidare at «Dørene må ha en standard høyde på 2.10 cm.»

Punkt 1.2.1 i føresegnene til reguleringsplanen Tveiten G.nr.138 B.nr.11 lyder:

«I nausteområde N1 og N2 skal arealbruken fastsetjast i utbyggingsplan, jf. pbl § 28-2.»

Punkt 1.2.2 lyder:

«Utbyggingsplanen skal syna nausta si plassering, høgd og form samt tilkomst og interne gangvegar som syner samband til dei regulerte gangareala. Skal det etablerast småbåthamn utanfor naustområda må lokalisering og omfang takast med i planane. Det skal leggjast til rette for universell tilgjenge til sjøen.»

Punkt 3.2.2 lyder:

«For N1 og N2 kan kvart av nausta ha inntil TBRA= 35 kvm, saltak med takvinkel 1:2 (ca 27 grader). Nausta skal plasserast med gavlen vendt mot sjøen. Tillatt maksimal gesimshøgd skal vere 2,60 m over normal vannstand om våren og 2,10 over gjennomsnitt terreng. Bygga skal ha materialbruk og naturfargar som ikkje reflekterar lys. Nausta skal oppførast etter same teikning.»

Vi kan ikkje sjå at det er krav om at porten til det enkelte naust «må ha en standard høyde på 2.10» m. Høgda kan vere lågare. Det er ikkje krav om eigen inngangsdør i tillegg til port.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er ikkje noko i vegen for at nausta vert utforma slik at båtene kan flyte inn til nausta. Vi har også tilfelle der det vert bygd naust som ikkje tek skade av flo sjølv om dei blir plassert i nærleiken av vasskanten og på ein låg kote. Gamle naust varer lenge sjølv om dei av og til har sjøvatn langt utover golvet. Det som er viktig er at sjøvatnet kan renne ut igjen når springfloa er over.

Vi kan ikkje sjå at det er gjort feil ved utarbeiding av punkt 3.2.2.

Det er sett krav om plan for nausteområda. Seinast i vår var det halde eit møte på rådhuset vedrørende endring av reguleringsplanen der også naustområda skulle verte tekne med (dvs. planlagt). På denne måten ville ein ha unngått kravet om detaljplan. Utbyggjar tok ikkje med naustområda med i planendringa.

Føresegnene gjeld altså fullt ut.

Ved reguleringsendring eller ny detaljplan kan ein vurdere justeringer/mindre endringar. Dette til orientering.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kenneth Alvaer